

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 20.04.2018
SAKSHANDSAMAR: Liv Åse Flo Wilhelmsen
SAKA GJELD: **Langtidsbudsjett 2019-2023**

STYRESAK: **44/18 O**

STYREMØTE: **27.04.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen HF tek saka til orientering.

Prosess for Langtidsbudsjett 2019 - 2023

Prosess

Helse Bergen HF har tidlegare utarbeidd langtidsbudsjett for perioden 2018-2023, vedteke av styret i mai 2017. Helse Vest RHF har bede om at langtidsbudsjettet blir rullert og revidert for perioden 2019-2023 og langtidsbudsjettet skal endeleg behandlast i styret i styremøtet den 30 mai 2018. Helse Bergen arbeider for tida med utviklingplan for verksemda fram mot 2035 og planen skal behandlast i styret 20 juni 2018. Langtidsbudsjettet vil derfor bli utarbeida i høve til gjeldande strategiar, samstemt med utviklingsplanen og med utgangspunkt i føresetnader gjevne frå Helse Vest RHF (jmfr vedlegg 1).

Langtidsbudsjettet omfattar drifts-, finansierings- og investeringsbudsjett på føretaksnivå. Alle einingar har utarbeidd budsjettnotat som skildrar eininga sitt utfordringsbilete i perioden, samt naudsynte interne omstillingar som følgje av arealplan, IKT-portefølje, fagstrategiar og politiske føringar. Budsjettnotata er drøfta og handsama med dei lokale tillitsvalde og med lokal verneteneste.

Langtidsbudsjettet på føretaksnivå vil bli drøfta med hovudtillitsvalde 09.05.2018 og handsama i FAMU 15.05.2018. Protokoll frå møte med tillitsvalde og referat frå møte i FAMU vil følgje som vedlegg når saka skal behandlast i styret.

Framlegg til endringar i investeringsbudsjett for perioden 2019-2023

Styret har bede om at forslag til endringar i drifts- og investeringbudsjett for perioden 2019-2023 blir framlagt for styret i april slik at styret kan vurdere endringane før endeleg langtidsbudsjett med investeringsbudsjett blir framlagt i mai. Både tekst og talmateriale til langtidsbudsjettet er under utarbeiding. Førebelse tal for drifts-, investerings- og finansieringsplan vil bli presentert i foilar på møtet.

Vedlegg:

1. Brev frå Helse Vest RHF: Langtidsbudsjett 2019-2023, datert 12.01.18